

Skulebibliotekplan for NN kommune

Skulebiblioteka i NN kommune skal være ein del av det større utviklingsarbeidet i kommunen, slik det er nedfelt i kommuneplanen/oppvekstplanen. Skulebibliotekplanen inneheld satsingar og tiltak for utvikling av skulebiblioteka i perioden XX.

Planen tek utgangspunkt i opplæringslova §9-2: «Elevane skal ha tilgang til skulebibliotek.», og forskrift §21-1: «Skolen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skolen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skoletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skolen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skolen.»

Ein sentral føresetnad for at elevane i NN kommune skal bli gode og kritiske lesarar, er at dei er motiverte til å lese. Elevane må difor ha god tilgang på skjønn- og faglitteratur, og på både trykte og digitale tekstar av mange slag. Skulebiblioteka er sentrale i denne samanhengen. Dei er lærings- og dannelsarenaer i skulen, og kviler på to søyler: den eine er arbeid med lesestimulering og litteraturformidling, den andre oppøving av informasjonskompetanse (kompetanse på informasjonssøking, kjeldekritikk og bruk av kjelder i eiga kunnskapsdanning og kunnskapsformidling). Bibliotek må i dag forståast som ikkje berre fysiske, men òg digitale rom, der både boksamlingar og digitale ressursar er tilgjengelege. Eit samarbeid mellom folkebibliotek og skulane er grunnleggande for å nytte ut felles ressursar, og samarbeidet er nedfelt i avtalar.

Status:

Skule	Trinn	Elevtal	Bibliotekrom Ja/nei	Kvm2	Bibliotekressurs Ja/Nei
Skule A	1-7	-	-	-	-
Skule B	1-10	-	-	-	-
Skule C	1-7	-	-	-	-
Skule D	8-10	-	-	-	-
Skule E	1-7	-	-	-	-

Elevane har tilgang til bibliotekrommet i skuletida/ved behov/i tildelte timar.

I NN kommune er avstandane store frå folkebiblioteket til skulane, med unntak av skule E. Per 1.1.2019 har fleire skular i kommunen uformelle avtalar med folkebiblioteket, men ingen har skriftlege. Bøker til elevar vert reserverte hos folkebiblioteket, og lærar hentar desse. Folkebiblioteket gir boktips til tema skulen arbeidar med. Folkebiblioteket reiser òg ut til nokre av skulane for bokprat og hjelp med samlingane.

Hovudmål:

Skulebiblioteka i NN kommune skal fremje leseglede og trivsel. Dei skal nyttast aktivt som ressurs i det pedagogiske arbeidet på skulane, som reiskap i leseopplæring, undervisning i dei einskilde fag og i oppøving av informasjonskompetanse.

Delmål:

1. Skulebiblioteka i NN kommune skal i sterkare grad forankrast hos skuleeigar og skuleleiarane, og integrerast i årsplanen for den einskilde skule.
2. NN kommune vil utvikle og formalisere samarbeidet mellom alle grunnskular og folkebiblioteket for å nytte ut felles ressursar, fagleg og økonomisk.
3. Skulane skal integrere skulebiblioteket i arbeidet med fagfornyinga.

Ansvarsfordeling:

Forankring hos skuleeigar: Skuleeigar skal syte for å utarbeide og følgje opp skulebibliotekplan for kommunen og samarbeidsavtale mellom skulane og folkebiblioteket. Skuleeigar skal sikre at skuleleiarar, lærarar og tilsette på folkebiblioteket har nødvendig og oppdatert kompetanse på pedagogisk bruk av bibliotek. I oppfølginga ligg å etablere system for rapportering i pedagogisk årsrapport/verksemdplan.

Forankring i skuleleiing: Rektor har ansvar for at bruk av biblioteket vert nedfelt i skulens årsplanar, og at det er ein tydeleg samanheng mellom årsplanane og samarbeidsavtalen med folkebiblioteket. Rektor skal òg sjå til at det vert sett av tid til oppfølging og utvikling av biblioteket, at lærarane får opplæring i bruk av bibliotek, og at det blir lagt for rette for samarbeid mellom lærar og skulebibliotekar og samarbeid med folkebiblioteket.

Tiltak:

1. Alle skulane skal ha bruk av bibliotek integrert i årsplanen.
2. Alle skulane skal ha ein bibliotekansvarleg.
3. Alle skulane skal, aleine eller i samarbeid med folkebiblioteket, ha rom for samlingar, for aktivitetar knytte til lesestimulering og for opplæring i informasjonskompetanse. Bibliotekrommet kan nyttast i sambruk med andre rom. Skulane kan ha depotsamlingar frå folkebiblioteket.
4. Digitale bibliotekressursar skal vere tilgjengelege på skulens læringsplattform.
5. Skulebiblioteka må ha eit system for registrering, søking og utlån av bøker, anten aleine eller i samarbeid med folkebiblioteket.
6. Bibliotekansvarleg skal syte for innkjøp, vedlikehald og kassering i samarbeid med rektor, lærarane og folkebiblioteket.
7. Rektor skal syte for at lærarane får opplæring i pedagogisk bruk av bibliotek, i samarbeid med folkebiblioteket. Mellom anna kan bibliotekpakken i Språkløyper nyttast.
8. Rektor og skulebibliotekansvarleg skal i lag med lærarane og folkebiblioteket planlegge bruk av bibliotek på det enkelte klassetrinn. Planlegginga skal omfatte både tiltak for lesestimulering og for oppøving av informasjonskompetanse. Det skal etablerast ein møtestruktur med faste rutinar for samarbeid.
9. Rektor og skulebibliotekansvarleg skal, i lag med lærarane og folkebiblioteket, planlegge korleis biblioteket skal integrerast i arbeidet med fagfornyninga.

Korleis tiltaka konkret skal gjennomførast, vert avtalt i samarbeidsavtale mellom skulane og folkebiblioteket.

Vedlegg: Samarbeidsavtale

Samarbeidsavtale mellom grunnskulane i NN kommune og NN folkebibliotek

Bakgrunn for avtalen:

Skulebibliotekplanen for NN kommune, delmål 2: NN kommune vil utvikle og formalisere samarbeidet mellom alle grunnskular og folkebiblioteket for å nytte ut felles ressursar, fagleg og økonomisk.

1. Samarbeidet omfattar NN folkebibliotek og:

- Skule A 1-7
- Skule B 1-10
- Skule C 1-7
- Skule D 8-10
- Skule E 1-7

2. Ansvar for å følgje opp samarbeidsavtalen

- Skuleansvarleg i NN kommune, rektorane og biblioteksjef har ansvar for at samarbeidsavtalen vert følgd opp.
- Bibliotekansvarleg på kvar skule er kontaktperson for den praktiske gjennomføringa i lag med folkebiblioteket.
- Ved oppstart av samarbeidet skal alle skulane få opplæring i pedagogisk bruk av bibliotek i samarbeid med folkebiblioteket. Det er aktuelt å nytte bibliotekpakken i Språkløyper som ressurs. Rektorane må jamleg syte for fagleg oppdatering i bibliotekbruk for tilsette.

3. Lesestimulering og oppøving av informasjonskompetanse

- Folkebiblioteket skal bidra til lesestimulering og oppøving av informasjonskompetanse i skulane.
- NN folkebibliotek tilbyr to typar besøk, eitt besøk for lesestimulering (bokprat, presentasjonar, litterære samtalar) og eitt besøk for oppøving i informasjonskompetanse.
- Skulen og folkebiblioteket avtaler kva trinn det gjeld.
- Skule A og skule D får besøk til avtalt trinn annakvart år. Skule B og skule C får besøk til avtalt trinn éin gong i året. Skule B får to besøk i året. Skule E avtaler to besøk frå eller til biblioteket i året.

4. Innkjøp og vedlikehald av samlingane

- Innkjøp til og kassering av bøker skal utførast i samarbeid mellom skulane og NN folkebibliotek.
- Alle samlingar på skulebiblioteka i NN skal registrerast i felles database med folkebiblioteket.

5. Bokdepot for alle skuleklassar

- Kvar skuleklasse får tilbod om bokdepot for bruk til lesetrening og leselede i klasserommet.
- I samband med implementeringa av nye læreplanar i 2020 blir det avtalt korleis folkebiblioteket skal bli trekt inn. Eit døme kan vere å tilby bokassar/bokdepot tilpassa dei ulike emna i fagfornyngja.

6. Digitale ressursar

- Skulane skal gjere digitale bibliotekressursar tilgjengelege på skulens læringsplattform. NN folkebibliotek kan gi tips og råd om aktuelle ressursar.

7. Faglege møte med skulebibliotekansvarlege

- Skulebibliotekansvarlege og folkebiblioteket skal samlast til nettverksmøte for fagleg oppdatering éin til to gongar i året.

8. Økonomi

- Skulane prioriterer ressursar til skulebibliotekansvarleg, samlingar m.m. innanfor eige budsjett. I tillegg får folkebiblioteket tilført ressursar for å yte tenester til skulane i samsvar med samarbeidsavtalen. NN kommune søker Utdanningsdirektoratet om midlar til skulebibliotek for året XX.